

Flying start for flygelet

Det vart ein draumestart for Hareid sitt nye konsertflygel.

Hareid er så heldige å huse ein av dei mange konsertane i samband med Sunnmøre Kammermusikkfestival som går føre seg no. På Hareid-konserten hadde eit kresent og lydhøyr publikum samla seg for å lytte til vår eigen Wolfgang Plagge på klaver, den italienske pianisten Saskia Giorgini, den britiske tenoren James Gilchrist, samt solocellisten Jonathan Aasgaard og fiolinisten Maria Angelika Carlsen frå Noreg.

Sentralt i konserten stod Hareid sitt nye konsertflygel.

- Eit godt kjøp!

Det er sjølvaste Wolfgang Plagge som har vore flygelkonsulent.

- Dette er eit godt kjøpt! Det løner seg å handle frå øvste hylle når ein først skal handle, sa Plagge som var overtydd om at dette er eit instrument som kjem til å vere på Hareid i lang tid.

Det er den ideelle organisasjonen Hafest som har arbeidd for at Hareid skal få eit konsertflygel og Arild Grimstad frå Hafest fortalde at flygelet er



KRESENT PUBLIKUM: Medlemmer av musikkintelligensiaen frå heile distriktet var samla på Hareid bedehus fredag for å få med seg Hareids-konserten i regi av Sunnmøre Kammermusikkfestival.

optimalt tilpassa storsalen på Hareid bedehus. Før sjølve konserten presenterte han flygelet, som elles er produsert av den ærverdige tyske pianofabrikanten C. Bechstein, og takka alle dei som har vore med på å yte pengegaver for å realisere kjøpet. Han retta ei særleg takk til Sparebanken Møre som har bidrege med ikkje mindre enn 125.000 kroner. Grimstad håpte at instrumentet ville kunne trekke til seg fleire musikalske storleikar til Hareid, men han syntte også til dei mange talenta som har hatt si læretid hos Hareid musikk- og kulturskule.

- Musikk og kulturskulen må

ha gjort ein god jobb, for talenta kjem som perler på ei snor.

Ein av desse unge, dyktige musikanerane er Svenning Veiseth. Han fekk æra av å avduke flygelet, men han fekk ikkje høve til å spele på det. Det var meisterpianisten Saskia Giorgini som fekk æra av å innvie det praktfulle instrumentet.

- Det er svært freistande å få prøve instrumentet. Eg trur eg vert att her ei lita stund, smilte Svenning då Vikebladet Vestposten slo av ein liten prat med han etter konserten.

Ei rein nytting

Sjølve konserten var ei rein mu-



SJOKOLADE: I staden for blomar delte Kari Janne Ringstad i kammermusikkfestivalen si venneforening ut sjokolade frå Geiranger til dei fem musikanerane som hadde vore i sving. f.v. Maria Angelika Carlsen, Jonathan Aasgaard, Saskia Giorgini, James Gilchrist og Wolfgang Plagge. Det var nok godt å få opp blodsukkeret litt før neste konsert som var på Sæbø same kveld.

sikalsk nytting frå ende til annan. Wolfgang Plagge fekk synt kva dette instrumentet er godt for, ikkje minst under framføringa av Peter Tsjaikovskis klavertrio i samspel med Jonathan Aasgaard og Maria Angelika Carlsen. Her var noko for heile kjenslespekteret, frå vart vemod til energisk temperament. Plagge forklarte at Tsjaikovski skreiv dette stykket for å heidre sin gode ven og mentor, Nikolai Rubinstein, som døydde i 1881. Komposisjonen har undertittelen «Til minne om ein stor kunstnar».

Vakker var også musikken som James Gilchrist og Saskia

Giorgini framførte. Dei hadde tatt utgangspunkt i den britiske komponisten Muriel Herbert og særleg Gilchrist framførte desse stykka med ei innleving vi diverre sjeldan ser maken til på våre kantar.

Eit imponert publikum gav musikanerane ein svært velfortent ståande applaus og enkelte drista seg også til å rope «Bravo!». Det skulle elles berre mangle!

JORULF MYRENE
jorulf@vikebladet.no

ET STORT UTVALG ULLUNDERTØY



Illustrasjonsbilder

KARITRAA

DEVOLD
NORWAY 1853

norheim

Bergans
OF NORWAY

399,-

FØRPRIS OPPTIL 699,-

PALLESALG PÅ SKO



Illustrasjonsbilder

adidas

NIKE

PRO TOUCH

asics

200,-
400,-
600,-



KARITRAA

VINST 2-PK ULLSOKK DAME

Supermyk og behagelig ullsokk til hverdagsbruk. Ullsokken har et sprekkt og klassisk strikkemønster. Teknisk merinoullblanding gir utmerket varme og sørger for god ventilasjon. I tillegg er den naturlig lukthemende og meget fukttransporterende. Vnr 172022007/172022008

FØRPRIS 199,-

99,-

INTERSPORT®

ULSTEINVIK ØRSTA VOLDA SYKKYLVEN STRYN

TLF 40 00 70 75 | TLF 45 29 38 00 | TLF 70 07 73 48 | TLF 70 25 40 20 | TLF 57 87 23 80